

2014

Årsrapport for Sirdal sokneråd



Vedtak S-sak 015/2015
Sirdal sokneråd 11.mars 2015



1. Organisasjon

A. Soknerådet si verksemd

Samansetning

Svein Hompland –leiar
Arnhild Bjørndal – nestleiar
Johannes Hompland
Inger Johanne Ousdal
Kent Henrik Seland
Velaug Ådneram

Egil Netland, kommunen
Sigurd Flydal sokneprest
1. vara: Ingunn Berstad Tonstad
2. vara: Solveig Haugdom

Saker

Soknerådet har i 2014 hatt 7 møter og behandla 58 saker. Møta har vore på Kyrkjesenteret, Kyrkjestova og Tonstadli. 32 saker har vore soknerådssaker og 26 har vore fellestrådssaker.

Særskilte saker som soknerådet har arbeidd med i året som har gått har vore mellom anna nye vedtekter for gravplassane, to nye misjonsprosjekt, oppnemning av kulturutval, innføring av trusoppplæringsreformen i soknet, korleis rekruttere fleire frivillige,

2. Personal

Mål for 2014:

- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt.

auking av festeavgiften, sal av aksjer i SR-bank, gudstenesteforordning, ENØK-tiltak i kyrkjene, oppfølging etter bispevisitasen og oppnemning av arbeidsgruppe som skal sjå på kontortilhøva.

Kyrkjeleg administrasjonsutval

Arnhild Bjørndal
Svein Hompland
Kent Henrik Seland
Ragnhild Maria Sandvik,
arbeidstakarrepresentant

Forhandlingsutval:

Svein Hompland
Henning Huseby Jansen

Gudstenesteutval

Anne Turid Solberg Garnica
Johannes Hompland
Siv Olaug Lindeland Tonstad
Gunnlaug Seland
Hanne Birgitte Fodstad
Birgitta Tjørhom
Kjetil Øygard Eidevik
Sigurd Flydal

Undervisnings- og konfirmantutval

Åslaug Karin Fidjeland
Ingunn Berstad Tonstad
Jørgen Tjørhom
May Tone Helle (1.halvår)
Inger Solveig Høyland

Diakoniutval

Kent Seland
Solveig Haugdom
Velaug Ådneram
Karen Kristine Sinnes
Svein Hompland

Arbeidsgruppe for Grøn kyrkjelyd

Inger Johanne Ousdal
Sven Sandvik
Henning Huseby Jansen

KN- komité

Sven-Egil Testad
Inger Solveig Høyland

Syskenringen(frå kyrkjelyden)

Sigurd Flydal
Solveig Haugdom

Misjonsutval Tonstad


Turid Skregelid
Henning Huseby Jansen

Misjonsutval Øvre Sirdal

Misjonsforeininga

Redaksjonskomité Kyrkje og Kultur

Sven Egil Testad
Solbjørg Tjørhom
Lars Audun Fodstad
Henning Huseby Jansen



Totalt har soknerådet 4,19 årsverk som er fordelt slik:

100 % Kyrkjeverje
100 % Organist
100 % Kyrkjelydsarbeidar
25 % Trusoppplærar
57 % Kyrkjetenar

37 % Reinholdar

Hausten 2014 har vi i tillegg hatt ein ungdomsarbeidar tilknytta TRAFØ i 15% stilling. Denne stillinga skal lønast på givarteneste, men førebels er det noko underdekning på givartenesta.

Organiststillinga har vore noko redusert i 2014 (80%), og kyrkjelydsarbeidarstillinga noko auka (110%). Gleda var stor då soknerådet tidleg i 2014 fekk melding frå bispekontoret om at kyrkjelydane i Lister prosti frå 1.april 2014 endeleg fekk tildelt statlege trusopplæringsmidlar. Ein prosess mellom stab, sokneråd og konfirmant- og undervisningsutvalet konkluderte med at ein burde bruke midlane først og framst til ei lita stilling, med hovudansvar for å utarbeide av lokal trusopplæringsplan. Rekrutteringsprosessen til denne stillinga enda med at Dagny Irene Tonstad Torsteinbø blei tilbudt og takka ja



til ei 25% toårig prosjektstilling frå 1.august 2014, noko vi var svært glade for. Dette ser ut til å vere ei god ordning i prosessen med å utarbeide ein lokalt forankra trusopplæringsplan.

I samband med ulike vikarbehov som har dukka opp i løpet av året, har både resten av staben, vår «gamle» kantor Hanne Fodstad og frivillige gjort ein flott jobb for å halde ting i gang. I tillegg har andre vikarar vore inne på enkelttenester.

3. Verksemda – bygg, administrasjon og anlegg

A. Kyrkjene

Mål:

- Måling av Lunde kyrkje
- Måling av Kvævemoen kapell

Soknerådet fekk ingen kommunal løyving til ekstra vedlikehald i 2014, og valde difor å forskottere 200.000 kroner frå disposisjonsfonda for å kunne halde fram med dette viktige arbeidet. Desse midlane skulle brukast til å vidareføre vedlikehaldet av kyrkjene, særleg måling av Lunde kyrkje og Kvævemoen kapell.

Til å utføre dette arbeidet, blei Tom Johansen tilsett i ei mellombels deltidsstilling frå 28.04. til 01.10.2014. Han la også dette året ned eit stort arbeid med å måle

Kvævemoen kapell og Lunde kyrkje. Kjellaren i Kvævemoen kapell er no også ferdigmåla innvendig



Det blei også foretatt anna vedlikehaldsarbeid på kyrkjene i høve til vedlikehaldsplanen frå 2011. Diverre blei det planlagde brannsløkkingsanlegget i Lunde kyrkje mykje dyrare enn forutsett. Soknerådet vedtok difor å skrinleggje prosjektet i denne omgang, og heller satse på andre brannførebyggjande tiltak. Dette er no nesten fullført.

B. Kyrkjegardane

Mål :

- *Legge til rette for at kyrkjegardane er gode stadar å vere for sørjande og andre som ferdast der.*

Samarbeidet med teknisk etat om drift og vedlikehald av kyrkjegardane held fram. Frå vår ståstad er gjeldande ordning god, og vi meiner den utnyttar både maskin- og personalressursane på ein god måte. Det har vore diskutert å ta over desse tenestene sjølve, men det vil truleg bli ei mykje dyrare ordning og meir administrasjon.

Oddbjørn Bjørnstad overtok som vikar for Per Bulling sommaren 2014. Kyrkjegardane står fram som fine og velstelte.

Kommunestyret vedtok i 2014 å auke festeavgifta frå 40 – 100 kroner pr år. Framleis er Sirdal nest rimelegast i Lister prosti, fleire andre har 200 kroner eller meir.

Kyrkjegardane er stadig i utvikling. I 2014 har diverre vatningsanlegga på Tonstad og Lunde vore ute av drift ein stor del av sommaren. Dette skuldast feil på anlegget på Tonstad, samt eit prosjekt med å leggje inntaket for vatningsanlegget til Lunde permanent ned i bakken. Til no har ein på Lunde måtta montere pumpa om våren og så demontere ho att om hausten. ASVO har også i år hatt ansvar for stell av legatgravene ved Skeihaugen, Lunde og Haughom kyrkjegard. Jofrid Sinnes steller fire graver ved Kvævemoen gravplass. For tida har vi avtaler om stell av 11 graver på Skeihaugen, 12 på Lunde kyrkjegard, 4 på Kvævemoen og 2 på Haughom.

Dei fleste gravstellavtalene er basert på fond, mens nokre betalar inn gravstellet etter faktura.

4. Verksemda - kyrkjelyd

Statistikk	2011	2012	2013	2014
Gudstenester o.l	66	72	80	71
Deltakarar	4766	5196	4839	4627
Snitt pr gudsteneste	72,2	72,2	60,5	65,2
Dåp	25	22	20	16
Konfirmantar	22	14	18	23
Vigslar	6	7	2	8
Gravferdar	17	22	18	11
Konsertar/musikkandaktar	13	14	10	11
Deltakarar	1117	1090	615	670

A.Gudstenesteliv

Mål

- Arbeid med gudstenestefornyng i tråd med ny gudstenesteliturgi som Kyrkjemøtet vedtok april 2011.

Soknerådet har oppnemnd eit gudstenesteutval som har som ei viktig oppgåve å involvere fleire i gjennomføringa av gudstenesta. Utvalet møtast jamnleg, og planlegg ulike gudstenester saman med sokneprest og kantor.

Det totale antal gudstenestedeltakarar gjekk noko ned også i 2014. Samanlikna med 2013 var det om lag 200 færre deltakarar i fjor. Samstundes var det færre gudstenester, noko som betyr at gjennomsnittstalet pr gudsteneste auka frå 60 til 65 deltakarar. Over tid ser vi likevel at vi har ein svak nedgang. No er det slik at talet på gudstenestedeltakarar svingar noko frå år til år,



mellom anna ut frå talet på konfirmantar og storleiken på årskullet som deltek på utdelingar. Men det er verdt å merke seg at det heller ikkje i Sirdal er sjølvstøtt at folk prioriterer gudstenesta på søndagar. Dette er ei viktig utfordring å jobbe med framover.

I tillegg til gudstenester i kyrkjer og kapell har det i 2013 vore arrangert mellom anna:

Årsfest på Tonstad bedehus 2.februar

Friluftsgudsteneste på Kvinen langfredag 18. april og Olsok 27. juli. Páskeprest Frode Helvig var med på Kvinen på Olsok.

I tillegg blei det arrangert friluftsgudsteneste på Steiane Helgetorsdag. «Skaparverkets dag» vart markert under denne gudstenesta

2.pinsedag var det gudsteneste oppe ved Degdammen. Det var godt med folk begge stader, men ikkje minst turen til Degdammen var det mange som ville få med

seg. Torjus Kvæven synte veg, og fortalte om området i gamal tid.



Gjennom fleire år har ein også lagt til rette for å ha turar i samband med gudstenester i kyrkjene. Det har vore vekslende frammøte på turane, men mange har sett pris på eit slikt tilbod.

I påska blei det som tidlegare år gjennomført ei rekke gudstenester og andaktar rundt i kommunen. Frode Helvig var årets páskeprest. Han og familien hadde base i Kvævemoen kapell. Han hadde mellom anna ansvar for andakten skjærtorsdag i Ålsheia, familiesamlingane langfredag og páskeaftan i kapellet og páskenattsmessa same stad. Det var godt med folk på alle samlingane. Nytt av året var páskevandring utandørs i samband med samlinga langfredag, samt hundekøyning i samband med familiesamlinga páskeaftan. Vi kjem til å satse på fleire aktivitetar og eit samarbeid med fleire aktørar páskeaftan i 2015. Også andakten i samband med skirennet på Josdal er godt innarbeid. Tore Haugom er også ein trufast andakts-haldar på Raubestøl og Rypekro på Øksendalsheia.

Barnas dag i Kulturhuset søndag 9. november blei arrangert for sjettemåned i år, og blei også i år ein stor suksess. I tillegg til ulike aktivitetar i hallen og sal av middag, trakk musikalen «Hotell de tusen stjerner» framført av Tonstad barnekor og Cantarellene mange folk.

B. Kyrkjemusikk

Mål:

- *At vi prioriterer korarbeid og det kyrkjemusikalske arbeidet*

Ragnhild Maria Sandvik dirigerer **Tonstad barnekor**. Dei hadde 11 medlemmer i vår og 16 i haust, det var litt færre på våren og litt færre på hausten enn tilsvarende perioder i fjor. Ragnhild Maria dirigerer også jentekoret **Cantarellene**, og dei hadde 3 songarar om våren og 4 om hausten. Det syner ein liten oppgang frå i fjor. Det ser ut til å vere god rekruttering framover for kora. Begge kora deltok på gudstenester og konsertar i kyrkja. Kora framførde påskespelet «Har du hørt» på påskefesten, og musikalen «Hotell de tusen stjerner» i Kulturhuset på Barnas dag. tillegg framførde dei deler av julespelet til julaftan på Sirdalsheimen veka før jul. **Sirdal blandakor** har hatt eit aktivt år med mange konsertar og songoppdrag, mellom anna Salmekveld med Sindre Eide, bygdekvelden, kulturkveld med



Edvard Hoem, konserten «Visst skal våren komme» i Tonstad kyrkje og Sviland kapell saman med koret «Glede» frå Sviland, Vårsong på Tjørhom, basarar på Flekkefjord bedehus og Tonstad bedehus og Vi syng jula inn i Tonstad kyrkje. Ragnhild Maria Sandvik og Hanne Fodstad har vikariert som dirigenter for koret deler av året.

C. Undervisning – barn og ungdom

Mål for perioden:

- *At flest mogleg av dei døypte tar del i kyrkja si trusopplæring*

Trusopplæring har hatt eit spesielt fokus siste året, etter at også Lister prosti frå 2014 kom med i reformen. Frå no av vil soknerådet kvart år få eit tilskot til dette arbeidet gjennom bispedømmerrådet, på om lag 130.000 kroner. Frå 2014 til 2016 vil vi ha eit stort fokus på arbeidet med å lage ein god og gjennomtenkt lokal plan for trosopplæring. Planen skal vere ferdig juni 2016, og arbeidet er no godt i gang.

Skulelaget på Tonstad skule er i godt gjenge, det same er skulelaget på Sinnes skule. Gerd Signy Haugom er vaksenleiar for Tonstad-laget, og Anders Tjørhom har denne oppgåva for Sinnes-laget. I tillegg er Inger Solveig Høyland vaksenleiar for begge laga.

Sprell levande-samlingane for barn i Kvævemoen kapell ligg stabilt på om lag 15 born frå 4-10 år. Dette er eit

samarbeid mellom det som var barnekoret Sing Bell og søndagsskulen på Tjørhom, og vert leia av Bjørg Hilde



Fidjeland og Torunn Handeland. I tillegg deltek Kjetil Øygard Eidevik med musikk og song.

Konfirmantarbeidet er ein viktig del av ungdomsarbeidet som vi nyttar store ressursar på. Babysong er no godt etablert, og tiltaket som vert leia av Ragnhild Maria Sandvik, samlar stadig fleire babyar og foreldre.

Tårnagenthelga i april samla samla meir enn 100 % av medlemene i den aktuelle aldersgruppa, noko ein må seie er svært bra! Dette arbeidet vert leia av Inger Solveig Høyland og Kjetil Øygard Eidevik.

Ungdomsarbeidet TRAFØ, som er eit samarbeid mellom kyrkjelyden og Tonstad bedehus, har blitt svært godt motteke og samlar no ein god kjerne av ungdommar kvar andre laurdag. Dei dreg også på ulike turar.



I 2014 reiste dessutan 4 ungdommar frå Sirdal på tur til Austerrike i vinterferien, ein tur som vert arrangert i regi av ungdomsarbeidet i Farsund menighet. Konfirmantane fekk tilbod om å vere med på leiarkurset VIDARE etter konfirmasjonen, og fem konfirmantar følgjer dette opplegget og bidreg som leiarar i barne- og ungdomsarbeidet. VIDARE vert leia av Inger Solveig Høyland.

D. Givarteneste

Totalt kom det inn 23.000 kr på givarteneste i 2014. Av dette var 7.500 kroner øyremerka nye salmebøker, og 17.500 kroner øyremerka TRAFØ. Dette var ein god start på arbeidet med å etablere fast givarteneste. Målet må vere å auke dette beløpet, og få fleire enn

dei 6 som i dag har fast givarteneste til å bidra. Ein mangla ved årsskiftet 8.000 kroner for å nå målet om å finansiere dei nye salmebøkene.

E. Diakoni og misjon

Mål for perioden

- At diakoni og misjon har ein sentral plass i kyrkjelydane.
- Arbeide for å gje eit betre tilbod til turistane
- Følgje opp måla i plan for grøn kyrkjelyd

Misjon/internasjonalt engasjement

Soknerådet vedtok å avslutte dei to misjonsprosjekta ein hadde støtta i fleire år då avtaleperioden for begge gjekk ut, og velje to nye. Det eine prosjektet er eit arbeid NMS (Det norske misjonsselskap) driv blant nordafrikanske flyktingar i Spania, og det liknar difor på prosjektet ein tidlegare støtta i Paris. I haust kom misjonærekteparet Hany og Mona til Tonstad for å fortelje om prosjektet. Det blei et sterkt møte med eit viktig arbeid.



Det andre prosjektet er gjennom Misjonsalliansen. Centro Creer i Ecuador er eit diakonalt senter for funksjonshemma born i storbyen Guayaquil. Misjonsforeininga i Øvre Sirdal støtter også Centro Creer.



Fasteaksjonen til inntekt for Kirkens Nødhjelp er også ein viktig del av kyrkjelyden sitt internasjonale engasjement.

Diakoni og eldrearbeid

I september var det Tro og Lys-gudsteneste i Tonstad kyrkje. Dette er ein årleg tradisjon, der diakoniutvalet

tek ansvar for å stelle i stand fest på kulturhuset i forkant av gudstenesta.

Vårsongkveld på Tjørhom har kome i staden for dei tradisjonelle eldrefestane. Dette er eit samarbeid mellom diakoniutvalet, Sirdal blandakor og Sirdal trekkspillklubb. Diakoniutvalet delte også i 2014 ut songboka Syng Med til alle 75 åringar. Dei andre jubilentane fekk ein bordkalender og blomar. Vi har nå fått til ein godt innarbeide tradisjon med å innby alle som blei konfirmert for 50 år sidan til



gudsteneste i Tonstad kyrkje og middag på Tonstadli. Det var litt færre tilstades i år enn tidlegare, men tilbakemeldingane frå dei som kjem på dette arrangementet er veldig gode.

Vegkyrkje og open kyrkje

Det var ikkje nokre opne kyrkjer i år, men laurdagen under Sirdalsdagane var det foredrag i Kvævemoen kapell og miniatstilling av bilder frå Per Odd Aarrestad, for å promotere kulturkvelden med han i november.

Grøn kyrkjelyd

Sirdal kyrkjelyd er grøn kyrkjelyd, og har eit særskilt ansvar for å vere ein god forvaltar også for naturen rundt oss. Miljøvenleg reinhald i bygga våre og kompostering på kyrkjegardane er nokre av tiltaka. Arbeidsgruppa organiserer fast spalta «Miljøtipset» til Kyrkje og kultur. Gruppa har også kome med innspel til soknerådet om å vurdere å flytte aksjane sine i SR-bank dersom det syner seg at desse er investert i kol, olje eller gass.

F. Kultur

Det nyoppretta kulturutvalet hadde i fjor sitt første heile arbeidsår. Utvalet tenkjer framover å arrangere ein kulturkveld om våren og ein om hausten. I mars kom forfattaren Edvard Hoem i samband med grunnlovsjubileet. Det blei ein flott kveld arrangert i samarbeid med kommunen.

Haustarrangementet var via kunstnaren Per Odd Aarrestad. Han synte bilder og heldt foredrag om særleg kyrkjekunsten sin, også ein flott kveld.

Kyrkjelyden gjorde seg også synleg under den første Suppefestivalen i Sirdal, som gjekk av stabelen i juni. Her hadde ein stand i hagen til Kyrkjesenteret, med

servering av Nådesuppe og Orgelbrus. Ingrid Berg og Arnfinn Tobiassen avslutta det heile med orgelkonsert i Tonstad kyrkje.

G. Felleskyrkjeleg arbeid

Syskenringen har representantar frå dei ulike kyrkjesamfunna i Sirdal samt organisasjonane på bedehuset, og er dermed eit viktig samarbeidsorgan. For sjette gong var det Sprell levande-samling på Eliastunet 9. mai. Mange var tilstade på arrangementet, og både små og store fekk med seg ein flott konsert med Tore Thomassen og Tonstad barnekor. Dette er noko ein vil halde fram med.

2. påskedag i Haughom kapell, adventsamlinga på Tonstad som startar med julegranntening på Eliastunet og held fram med konsert i kyrkja og midnattsmessa på nyttårsaftan, er også felleskristelege arrangement.

Sjølv om det er kyrkjelyden som står bak den årvisse inspirasjonssamlinga for frivillige medarbeidarar, blir også medarbeidarar frå andre kyrkjesamfunn invitert til til samlinga. Skiskyttartrenar Roger Grubben delte av sine erfaringar denne kvelden i slutten av august.

H. Samarbeid med skule og barnehage

I løpet av 2014 har det vore 2 skulegudstenester for Sinnes og 4 for Tonstad skule. 5.klasse har fått utdelt nystestamente og har hatt eit kurs i bruk av dette i tre skuletimar. Inger Solveig Høyland har i 2014 gått på eit kompetansehevingskurs i denne samanhengen, og er no sertifisert som kurshaldar for kurset «Vandring gjennom Bibelen». Dette vert no brukt i 5.klasse med stor suksess.




Som tidlegare år har det vore påskesamling i begge barnehagane. 4. klassingane var invitert til Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje for å sjekke kyrkja. 3-5 åringane var med på julevandring i Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell, der barn og tilsette frå barnehagane dramatiserte juleevangeliet i kyrkjerommet saman med kyrkjelydsarbeidarar, prest og organist. 1- og 2-åringane hadde si eiga julesamling i Tonstad kyrkje.

Samarbeidet mellom kyrkje-skule og kyrkje-barnehage er godt, og planane for dette samarbeidet vert følgd opp.

I. Informasjonsarbeid

Dette er eit prioritert område. Kyrkje og kultur i Sirdal kom med fire nr også i 2014, og har blitt godt etablert i dalen. Mange ser fram til å få bladet i postkassa. Det kjem ut i samarbeid med kulturkontoret i kommunen. Redaksjonskomiteen leverer sytten sider, og kulturkontoret har pleid å levere sju sider. Frå nr 4/14 auka sidetalet kultur leverer til 11 sider. Auken i trykkekostnadene dette førte med seg vert dekt av kommunen.

Ein kunne ønske seg noko høgare besøkstal på nettsida www.sirdal.kyrkja.no, men i løpet av ei veke er det mellom 100 og 300 klikk på sida. Staben freistar å



oppdatere sida jamnleg, og dei som treng kontaktinformasjon, kalender, info om arrangement osv, finn den her.

Likevel kjente ein behov for å nå lengre ut med informasjon, og oppretta difor ei eiga facebook-side som heiter www.facebook.com/kyrkjaisirdal Ein vil oppmode flest mogleg til å «like» denne sida, og invitere sine vener til det same. Gjennom facebook-sida når vi ut til nye grupper. Men for å gjere det, er vi altså avhengig av at mange bidreg med å «like», invitere og dele det som vert lagt ut på sida.

Ein annan viktig informasjonskanal er SMS-varsling. Dette er mykja nytta i konfirmantarbeidet, men også i nokon grad mot vaksne. I ungdomsarbeidet har for øvrig Facebook lenge vore brukt som ein viktig informasjonskanal.

Kyrkjekontoret leverer dessutan notisar til avisa Agder i samband med spesielle gudstenester og andre arrangement.

5. Rekneskap

	2011	2012	2013	2014
Driftstilskot, kommune	2763000	2763000	2774900	2850000
Tilskot andre driftstiltak	200000	300000	300000	0
Tilskot frå staten	21880	0	0	97211
Diposisjonsfond				
Restkonto Øvre Sirdal	35098	35098	35099	35099
Restkonto Tonstad	26816	26816	28816	28816
Avsett til salmebøker	30000	30000	30000	0
Disposisjonsfond trusopplæring	0	0	0	90260
Disposisjonsfond pr 31.12:	536038	498950	436564	189232
Årets overskot/underskot:	9711	-62384	-17333	214673
Ofringar til andre organisasjonar	138987	146377	121103	194369
Innsamling til Fasteaksjonen	43897	43943	46304	45879
Offer til kyrkjelydsarbeidet	27575	23255	28821	26282
Kollektar ved konsertar	18233	19835	6560	3353
Givarteneste	0	0	0	23000

6. Framtidsutsikter

Framover vil det vere svært viktig å arbeide med rekruttering av frivillige medarbeidarar til ulike oppgåver. Det vil også vere viktig å arbeide for å etablere ordninga med fast givarteneste hos fleire medlemmer av kyrkjelyden. Og det er viktig å arbeide målretta for å halde oppe talet på gudstenestedeltakarar.

I arbeidet med budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 formulerte soknerådet desse måla:

D. Mål for 2015-2018

- Oppfølging av vedlikehaldsplan (utarbeidd desember 2011)
- Utarbeide eit forprosjekt med tanke på utbetring av kontorlokalitetane
- Montere vatningsanlegg på Kvævemoen og Haughom kyrkjegardar
- Utarbeide lokal plan for trusopplæring i tråd med Stortingsvedtak frå 2004
- Iverksetje ENØK-tiltak i kyrkjene, til dømes montere varmpumper og varmestyringsanlegg
- Utbetre rekkverk på galleri Tonstad kyrkje i tråd med HMT-krav
- Utbetre rekkverk på galleri Kvævemoen kapell i tråd med HMT-krav, og for å opne opp sikten
- Utbetring av feil ved el-anlegg i kyrkjene
- Arbeide for god rekruttering til stillingar i kyrkja lokalt
- Kyrkjegardane skal vere gode stadar å vere for sørgjande og andre som ferdast der. Difor vil vi montere lys på Skeihaugen kyrkjegard

E. Prioriteringar 2015

- Fullføre vedlikehald og måling av Haughom kapell, Tonstad kyrkje, Lunde kyrkje og Kvævemoen kapell (450.000, kor 200.000 er tilbakebetaling til disposisjonsfond for vedlikehald utført i 2014)
- Montere vatningsanlegg på Kvævemoen kyrkjegard (225.000)
- Utbetre rekkverk Tonstad kyrkje (50.000)
- Utbetre og opne opp rekkverk Kvævemoen kapell (30.000)
- Varmepumper i Kvævemoen kapell og Tonstad kyrkje (150.000)
- Varmestyringsanlegg i Tonstad kyrkje og Kvævemoen kapell (180.000)
- Utbetre feil ved el-anlegg i alle kyrkjene (90.000)
- Forprosjekt kontorlokalitetane (60.000)